



Garden som no er seld ligg i forgrunnen på biletet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Samrøystes og utan debatt har forvaltningskomiteen gjeve May Kjersti og Frode Stensletten konsesjon for overtaking av garden Øvre Feet. Saka er med dette endeleg avgjort, opplyser saksbehandlar Terje Natland i kommunen til uskedalen.no.

Overtakinga skjer på to vilkår:

At paret flytter til bruket og bur der i minst 5 år og at dei tek del i fellestiltak i utmark for å drive skogen rasjonelt. Det høyrer 137 dekar produktiv skog til bruket, som tilsaman er på 276 dekar. Paret har allereie lova flytting og at dei vil halda bruket i hevd. Dei vil leige bort dyrkamarka.

Rådmannen peika i si saksutgreiing på at det i søknaden deira ikkje er skreve noko om kva planar dei har med skogen. Han ligg inntil andre eigedomer i området og det vil vere trong for felles veg for å få ut skogen.

Det er Hilda og Kåre Guddal som sel garden.



Det vil vera trong for felles veg for å få ut skogen, påpeikar rådmannen. Skogteigen ligg oppover i området på biletet. (Foto: Ola Matti Mathisen)